

NAMN:
KLASSE:LÅG MIDDLE HØG

Kva veit du om pronomen? Sjå på reglane og **skriv døme!**



Personleg pronomen

Eit personleg pronomen kan stå i staden for både menneske, dyr og ting.

Eksempel:

Han er ein gut.

Dei personlege pronomena kan stå i eintal eller fleirtal og i subjektsform eller objektsform.

Eksempel:

Eintal Subjektsform

- | | |
|------------------|---------------------|
| 1. person | eg |
| 2. person | du (De) |
| 3. person | han, ho, det |

Objektsform

- | |
|----------------------------|
| meg |
| deg / Dykk |
| han, ho, henne, det |

Fleirtal

- | | |
|------------------|--------------|
| 1. person | vi/me |
|------------------|--------------|

- | |
|------------|
| oss |
|------------|

- | | |
|------------------|------------------------------|
| 2. person | de/dokker - De/Dokker |
| 3. person | dei |

- | |
|----------------------------------|
| dykk/dokker - Dykk/Dokker |
| dei |

Nynorsk har ikkje det personlege pronomenet den, men ordet kan du bruke når det er peikeord. Vi bruker elles han når vi snakkar om hankjønnsord, ho når vi det er tale om hokjønnsord, og det når vi snakkar om inkjekjønnsord.

Eksempel:

Stormen var sterkt. Han øydede fleire hus.

Britt er frå Bergen. Ho er vestlending.

Når kjem flyet? Det landar kl. 22.00.

Når pronomenet står som subjekt i ei setning, bruker vi subjektsforma av pronomenet.

Eksempel:

Eg kjem ikkje på skulen i dag.

Står pronomenet som objekt, skal vi bruke objektsforma av pronomenet.
Eksempel:

Vi slo oss då vi ramla ned frå taket.

Objektsforma skal vi også bruke etter ein preposisjon.
Eksempel:

Ho lytta til oss for å setje seg betre inn i saka.

Legg merke til desse to alternativa i 2. person fleirtal. Det første personlege pronomenet i kvart eksempel står i subjektsform, det andre i objektsform.

Eksempel:

Slo de dykk?

Slo dokker dokker?

Høfleg tiltale (De/Dykk og Dokker/Dokker) vert lite brukt. Skal vi skrive brev til, eller helse på, kongelege personar, passar det godt å bruke desse orda.

Eksempel:

Dykkar/Dokkar Majestet

Dykkar/Dokkar Majestatar

Resiproke pronomener

Dei resiproke (gjensidige) pronomena kvarandre og einannan viser tilbake til fleirtalsord.

Desse pronomena blir brukte som objekt og etter preposisjon og viser tilbake til subjektet i setninga.

Ordet resiprok betyr gjensidig, og vi bruker pronomena når vi skal uttrykkje forholdet mellom to eller fleire personar eller partar.

Eksempel:

Dei gav einannan ein god klem.

Vi møtte kvarandre på juleball.

Dei sa adjø til einannan etter eit kort møte.

Vi heldt kvarandre i hendene.

Refleksivt pronomen

Det refleksive pronomenet bruker vi som objekt og etter preposisjon når pronomenet viser tilbake til eit subjekt i 3. person eintal eller fleirtal.

Eksempel:

Dei gjekk ut for å lufte seg.

Han kjende seg overvaka.

Kari likte seg godt på den nye hybelen.

Spørrepronomen

Spørjepronomena kven og kva innleiar spørjesetningar. Slike setningar kan vere leddsetningar eller heilsetningar.

Kven bruker vi når vi spør om personar.

Eksempel:

Kven er de?

Kven kjem på festen i kveld?

Kven samarbeider du med?

Kven si datamaskin er dette?

Kva bruker vi når vi spør om hendingar, ting og situasjoner.

Eksempel:

Kva er klokka?

Kva gjer du her?

Kva er det du tenkjer på i dag?

Kva var det de snakka om, etter at læraren hadde gått frå timen?

Kven og kva kan vi også bruke til å innleie relativsetningar.

Eksempel:

Ho gjorde akkurat kva ho ville.

Be kven du vil i bursdagen din neste veke.

Ubestemte pronomener

Ordet ein kan vi bruke som ubestemt pronomen. Dette ordet viser ikkje til noko eller nokon bestemt.

Forskjellen på å bruke personleg pronomen og ubestemt pronomen? I kva for samanhengar vil du bruke personleg språk? Og når kan du bruke meir upersonleg språk?

Eksempel:

Ein skal ikkje stele.

Du skal ikkje stele.